



Misionssambandet




# Preg barnehager

Sammen om å sette verdifulle spor

Årsplan 2024/25

Preg Tryggheimvegen



# BARNEHAGEÅRET 2024-2025

## PREG TRYGGHEIMVEGEN Velkommen til oss!

Adresse: Tryggheimvegen 20, 4365 Nærø

Telefon: 92428708

E-post: tryggheimvegen@pregbarnehager.no

Dagleg leiar: Svanhild Taksdal Søiland

OPNINGSTID  
07:00-16:30



Tryggheim barnehage vart starta i 1979 som ein ein-avdelings korttidsbarnehage med opningstid 4 timer pr. dag. Samfunnet endra seg og etter kvart var det ikkje mogleg å halde fram med denne driftsforma. I 2005 utvida me opningstida til heil dag samtidig som me førebudde oss til å utvide drifta med fleire avdelingar. 1. september 2006 flytta me inn i fin, ny barnehage og her trivest me godt både små og store. Vinteren 2022 starta arbeidet med påbygg som skulle romma betre fasilitetar for personalet; gode store arbeidsrom, møterom m.m. Desse stod klare til bruk hausten 2023. 1. januar 2024 endra konsernet namn frå NLM-barnehagene til Preg barnehager. Frå den datoen fekk alle barnehagane i konsernet òg nytt namn og namnet vårt er no PREG TRYGGHEIMVEGEN.  
Barnehagen er ein av 3 private barnehagar i Hå kommune og er godkjent for 36 store barn og 28 små barn (100%-plasser).

### Perlene

På denne avdelinga har me 13 små perler. Saman lagar dei eit flott perlekjede. Dei treng trygge, varme vaksne med gode auge, opne fang og mykke tolmodigkeit.



### Stjernene

Ein flott gjeng med 19 glitrande stjerner. Kvar stjerne har sin eigen, spesielle glans. Dei vaksne er oppmerksame på den einskilde og let alle skina til «rett tid».



### Blomane

19 flotte knoppar som snart faldar ut kronblada sine. Gode vaksne gir støtte slik at blomane ikkje knekk men får moglegheit til å springe ut og vise kven dei er.



### Sommarfuglane

16 fargerike sommarfuglar klare for å «fly». Vaksne som støttar og oppmuntrar dei når dei skal prøve «vengjene» sine. Trygge, omsorgsfulle vaksne som er til å stola på.



tlf: 474 67 430

tlf: 474 82 257

tlf: 474 65 571

tlf: 474 63 957

# DAGSRYTME

## Perlene og Blomane



07.00	Barnehagen opnar
07.30-08.30	Fleksibel frukost
08.30-10.30	Leik ute
10.30-10.45	Samling
10.45-11.15	Måltid
11.15	Sovetid eller leik inne
13.30	«Mellemat»
14.00-16.30	Leik ute evt. inne
16.30	Barnehagen stenger



## Stjernene og Sommarfuglane



07.00	Barnehagen opnar
07.30-08.30	Fukost
08.30-10.30	Leik inne
10.30-11.00	Samling
11.00-11.30	Måltid
11.30	Leik ute
13.30	«Mellemat»
14.00-16.30	Leik ute evt. inne
16.30	Barnehagen stenger



## Opningstider

Barnehagen er open frå 07.00-16.30, måndag-fredag.

Me ynskjer at barna skal vere komne til kl. 09.30,

men de foreldre må sjølvsgåt avgjorda kva som er best for dykkar barn.

Me reknar med at dei barna som kjem etter 08.30 har ete frukost heime.

Barnehagen er stengt 2 veker i juli månad, dei to siste heile vekene.

## Planleggingsdagar

15. november (skullemøtet for Rogaland)

02. januar

30. mai (fredag etter Kr.h.fartsdag)

10. juni

14. august (siste før nytt barnehage-år)



<https://pregtryggheimvegen.barnehage.no/>

**«Sammen om å sette verdifulle spor»**

# Presentasjon av Preg barnehager

Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Barnehagane har ulik storleik og er spreitt rundt i store delar av Noreg.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbedre og styrke medlemsbarnehagane. Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver bestemmer innhald og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehageloven § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål.

Visjonsdokumentet vårt og verdiplattformen fortel korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre.

Preg barnehagene sin visjon er:

**«Sammen om å sette verdifulle spor»**

**Verdiane våre er:**

**Nestekjærleik**

**Likeverd**

**Mestring**

Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehager.



# Rammene for å drive barnehage

## Grunnlagsdokumenter

Barnehagen sitt formål og innhold er fastsett gjennom Barnehageloven og Rammeplanen. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen sin daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehageloven og FNs konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ein oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Temaa i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheitar. Årsplanen dannar også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).



# Kvalitetsutvikling

## Preg barnehager sine fokusområde

Preg barnehager har utvikla ein handlingsplan for kompetanseutvikling, leiing og organisering. Du kan lese meir om fokusområda våre her: [www.pregbarnehager.no](http://www.pregbarnehager.no)

## Kompetanseutvikling for Preg barnehager AS

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane, ved å ta imot lærlingar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Daglege leiarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statlig tilskot gjennom kompetanseordninga og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehager.

## Barnehagen som ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forsking og kunnskap om barn, barndom, leik, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leiinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.



## System for samspelkvalitet – Emosjonell støtte

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpe og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeida for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

I Preg konsernet har me valt å jobba med nokon felles område for alle barnehagar. Me ønskjer å støtta oss til \*Pianta og Hamre og tankane med at barns utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (\*TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobba godt med relasjonar for å fremja utvikling og læring. (\*Class)

\*Class er ei forkorting for \*Classroom \*Assessment Scoring System (\*CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012) Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måla samspelkvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på ansvaret til den vaksne for å leggja til rette for og støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

\*CLASS systematiserer samspelkvaliteten over ti indikatorar, fordelt på tre domene. Domena er Emosjonell støtte, Organisering og leiing og Læringsstøtte. I Preg barnehagar innfører me dette til refleksjon og systemet for kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårs periode

## Fokuset for barnehageåret 2024/2025

### vil vere domenet Emosjonell støtte

som har fire indikatorar:

#### Positivt klima

Barn og vaksne viser respekt overfor kvarandre, eit miljø som blir prega av entusiasme og glede, smil og latter.

#### Negativt klima

Negative kjensler mellom vaksen og barn, eller barna imellom. Unngår straff, sinne, truslar og audmjukingar.

#### Tilsettes sensitivitet

Merksame vaksne som legg merke til og møter behovet, kjenslene og uttrykka til barna med gode reaksjonar.

#### Barns perspektiv og medverknad

Omsyn til interessene, motivasjonen og synspunkta til barna. Oppmuntre til at barna tek ansvar og støtte sjølvstende.

# Satsningsområde

## Satsningsområdet for dei tilsette i Preg Tryggheimvegen

Personalet skal verte bevisste på korleis dei kan skape eit positivt klima og eit trygt og godt barnehagemiljø gjennom å støtte/hjelpe barna i sjølvregulering. Dette gjeld både:

### Generell regulering:

- Proaktive vaksne: gjennom å skape klare ramer, tydelege reglar, førebu barna på det som skal skje og gje einkle beskjedar.
- Støtte til positiv åtferd: ved å bekrefte positiv åtferd så ofte som mogleg, bruke venleg, rolig stemme og vere i førekant slik at uønska åtferd vert stoppa tidleg.

### Regulering av følelsar:

- Gje barna strategiar for korleis dei kan handtere følelsane sine.
- Gje barna eksempel på kva dei kan gjere i staden dersom følelsar fører til uønska åtferd.

Personalet sitt barnesyn er avgjerande i deira reguleringssstøtte og er fundamentet i målet vårt om at barna skal få vera seg sjølve og utvikla seg frå sin eigen ståstad.

Me vil nytte oss av Lotus-skjema for konkretisering og felles forståing.

**«Du er det blikket det er godt å vere meg i»**



## For barnegruppa

Me vil òg dette året ha «Naturen kring meg» som eit gjennomgåande tema i høve til satsningsområdet inn mot barna.

Forsking viser at stress er skadeleg for utviklinga av sjølvregulering. Å opphalde seg utandørs i naturen er stressregulerande og har positiv effekt på sjølvregulering. Ute kan ein legge til rette for aktivitetar som utfordrar barna, som aukar i kompleksitet og som er engasjerande. Slike aktivitetar er gode for at barna skal kunne øva på:

- Impulskontroll; hemma impulsen.
- Fleksibel oppmerksamhet; skifte frå den eine regelen til den andre.
- Arbeidsminnet; klare å hugse og bearbeida informasjon.

Språkstimulering er òg svært viktig reiskap for at barn skal kunne utvikle evna til sjølvregulering. Teorien her er at barn lærer å regulera si eiga åtferd ved å bruka si indre stemme og då treng dei språk.



Gjennom tema-arbeidet vert det naturleg at barna får kjennskap til begrepet **BÆREKRAFT**. Det beskriv ein situasjon kor ein ikkje bruker meir enn ein klarer å gjenskapa, at dei som lever i dag ikkje øydelegg for framtidige generasjonar.

«Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingane me gjer i dag har konsekvensar for framtida». (Rammeplanen 2017, s. 10)

**MÅL** for bærekraftig utvikling skissert i Rammeplan for barnehagen 2017, ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen vert uttrykt i Bærekraftstrappa.

«Ved å ha bidrige til at barna har fått erfaringar der dei har opplevd at dei vert sett, at dei er verdifulle, at dei vert møtte med respekt og at dei kan påverke sin eigen livssituasjon, har barnehagen lagt grunnlaget for at barna kan ta ansvar for framtida» -Pedagogikk for ei bærekraftig utvikling.

I tillegg til dette arbeidet inneheld kvardagen mykje anna:

#### Sosial meistring:

Spesielt for dette året: Trygt og godt barnehagemiljø • Positivt klima og regulerings-støtte.  
• «Livsmeistring», Sprell levande • Venne-gjengen

#### Høfleg framferd:

God morgen • takk for i dag • god helg • takk for maten • ja-takk • nei-takk • vær-så-god  
• takk • kan du sende • kan eg få • vil du låna? • kan eg få låna? • treng du hjelp?  
• kan nokon hjelpe? • vil du vere med? • kan eg få vere med?

#### Trafikksikker barnehage: [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

• Barna lærer å orientere seg i nærmiljøet og ferdast trygt • Barn og foreldre skal halde barnehagen sine reglar ved levering og henting.

#### Mat og kosthald: [www.matjungelen.no](http://www.matjungelen.no)

• Matjungelen barnehage

Me legg vekt på å servere sunne, måltid med variasjon i pålegg, frukt og grønt, havregraut og musli/havregryn med Biola.

Til fødselsdagar serverer me t.d. smoothie, smootie-is, fruktspyd eller fruktsalat.

#### Fysisk aktivitet:

• Sjølv om me ikkje kallar oss «friluftsbarnehage», legg me stor vekt på at barna skal vere mykje ute. I tillegg får me låne gymsalen på skulen ein føremiddag i veka.

#### TA ANSVAR

Ta ansvar for framtida og ei bærekraftig utvikling

#### HANDLE

Påverka og medverka. Ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen

#### FORSTÅ

Få ei begynnande forståing for bærekraftsutvikling, forstå at dagens handling har konsekvensar for framtida

#### UTVIKLA

Innsikt om samanhengar i og mellom naturen og samfunnet. Utvikla kjærlig til naturen og til andre menneske. Utvikla og oppretthalde venskap. Utvikle til samarbeid, empati for andre, solidaritet og måtehald

#### OPPDAGA

Oppdag mangfoldet i naturen: samle inn, observere, undersøkje. Etablertasjonartil andre menneske gjennom leik og anna samvær. Oppdag menneske er ulike.

#### ERFARA

Vera i naturen, naturopplevelingar, møta andre menneske, oppleva sosiale fellesskap, verte kjend med seg sjølv og andre menneske, oppleva glede og nysgjerrighet.

# Barnehagen sin pedagogiske plattform

## MÅLA I VISJONSDOKUMENTET

«Sammen om å sette verdifulle spor» er visjonen vår. I visjonsdokumentet er desse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve kjærleik utan vilkår
- I barnehagane våre skal alle vete at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen

## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Preg Tryggheimvegen byggjer verdiformidlinga på kristen tru og tradisjon. Målet vårt er å formidle desse verdiane til barn, foreldre, kollegaer m.fl. gjennom haldning og handling kvar einaste dag. Den daglege kontakten og korleis me møter brukarane av barnehagen og andre som kjem innom vil «spegle» våre verdiar meir enn orda våre.

Formidling skjer òg gjennom song, musikk og Bibelforteljingar. Kristen litteratur er òg lett tilgjengeleg på avdelingane.

I løpet av året vil barna få høre ulike Bibelhistoriar. Desse knyter me ofte til tema-arbeidet elles for å skape ein samanheng til «dagleglivet».

Me vil at barna skal:

- verte kjende med Jesus, livet hans og historiar han fortalte
- lære kristne barnesongar
- lære kristne bordvers
- få respekt for ulikheiter
- få erfare omsorg, nestekjærleik, respekt og tilgjeving



## Synet vårt på barn

I verdiplattformen skildrar vi kva for relasjonar til barn som vi ønskjer å strekkje oss etter. Det einskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete, og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet.

## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I vår barnehage vil me at barna skal bli tekne på alvor og kjenna seg inkludert i fellesskapet. Barna skal kjenna at her har eg det trygt og godt slik at dei kan leika og gleda seg, kjenna på den gode meistringsfølelsen og utvikla sosial kompetanse. Barna skal kjenna at dei vaksne har lyst til å vera i lag med dei og at dei vaksne ønsker å byggja ein god og varm relasjon med dei. Dette betyr at:

- barna skal kjenna seg sett og elска, uansett kven dei er og kva forutsetningar dei har.
- barna skal kjenna seg trygge og inkluderte i fellesskapet, slik at dei kan leika, læra og utvikla seg.
- barna skal oppleva likeverd, nestekjærleik og meistring
- barna skal få vera seg sjølve.
- barna skal få utvikla seg frå sin eigen ståstad.



## Vaksenrollen

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus. Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten dei verdifulle spora han set.

## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I barnehagen vår vil me vera vaksne som blir godt kjende med barna og kven dei er. Det er viktig for oss at barna får ei trygg og god tilknyting til dei vaksne, og at me legg vekt på å bygga gode relasjonar med dei. Me skal arbeide aktivt for å nå dei måla me har sett måla oss, og me skal vera engasjerte og til stades i lag med barna. Me skal vera villige til å utvikla oss og læra meir, slik at me heile tida kan bruka oppdatert forsking til det beste for barna. Det er viktig for oss å skapa eit godt miljø og samarbeid i personalgruppa, og eit godt samarbeid med foreldre. Dette smitter over på barna, og er av stor betydning for at dei skal ha ein god barnehagedag. Kvar enkelt medarbeidar har ei eiga stillingsinstruks som me skal arbeida ut frå. Dette betyr at:

- me vil gå saman med barna, og vera deira medvandrar
- me vil møta barna ut frå det kristne verdigrunnlaget.
- me vil sjå barna for den dei er.
- me vil tenkja på kva som er barnets beste når me avgjer ting.
- me skal leita etter 'gullet' i kvart barn, og sjå deira positive eigenskapar.
- me skal møta barna med respekt, anerkjenning, omsorg og kjærleik.
- me skal hjelpe barna til å utvikla eit sunt sjølvbilete, og gje dei tru på seg sjølve.
- me skal hjelpe barna til å kjenna seg betydningsfulle og som ein viktig del av fellesskapet.
- me skal leggja til rette for at barna får utfolda seg i leik, byggja vennskap og relasjonar, vera kreative, og kjenna på den gode meistringsfølelsen.
- me vil at barna skal få kjenna ubetinga kjærleik frå dei vaksne.
- me vil at barna skal få veta at dei er skapt av Gud, unike og verdifulle.
- me er positivt innstilt til å vera i utvikling og fylja med på ny forsking – til beste for barna.
- me skal vera engasjerte vaksne som er til stades i lag med barna.

# Korleis arbeide med omsorg, leik, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Preg barnehager sørger vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utvikler seg ut frå eigne føresetnader.

*Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarkrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen)*

## Omsorg

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Derfor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einskilde barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og hørt. På en slik måte set vi verdifulle spor.



## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I vår barnehage vil me at barna skal bli teknar på alvor og kjenna seg inkludert i fellesskapet. Barna skal kjenna at her har eg det trygt og godt slik at dei kan leika og glede seg, kjenna på den gode meistringsfølelsen og utvikla sosial kompetanse. Barna skal kjenna at dei vaksne har lyst til å vera i lag med dei og at dei vaksne ønsker å bygga ein god og varm relasjon med dei.

### Dette betyr at:

- barna skal kjenna seg sett og elskar, uansett kven dei er og kva forutsetningar dei har.
- barna skal kjenna seg trygge og inkluderte i fellesskapet, slik at dei kan leika, læra og utvikla seg.
- barna skal oppleva likeverd, nestekjærleik og meistring
- barna skal få vera seg sjølve.
- barna skal få utvikla seg frå sin eigen ståstad.
- barna skal få bli kjende med Jesus som førebilete, og veta at dei er elskar og skapt av Gud.

## Leik

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheter. Når barna inngår i eit leikfellesskap, drar dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspill med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikmiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltagande og støttande i barna sin leik.



## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- dei vaksne skal vera deltagande og gode rollemodellar i leiken
- det fysiske miljøet både inne og ute skal vera innbydande til ulike typar leik
- barna skal få nok tid til leiken slik at dei kan fordjupa seg i denne
- dei vaksne skal ta initiativ til leik, fremje eit inkluderande miljø der alle barna får ta del, og være til stades slik at dei kan rettleie og støtte barna i deira leik.

## Danning

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, førelsar og intensjonar, og støtte barna sine forsök på å skape meinung i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er en del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ønskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte, at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

## Dei vaksne i vår barnehage skal:

- vere gode rollemodellar som ser kvart einskild barn, gir det moglegheit til å utvikle eit positivt sjølvbilete og forståelse av kven det er som individ.
- gje barna støtte i dialog og oppmuntra dei til å ha eigne meinungar
- forsiktig «øve» barna på å få motstand og oppmuntra dei til å gje motstand
- vere gode rollemodellar iht kva som er «rett og galt».

«Danning er det me har att når me har gløymt det me har lært»

Ellen Key, svensk, ped.prof.



## LÆRING

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barns sin nysgjerrigkeit, kreativitet og lysten å veta noe nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvarden i barnehagane våre skal vere prega av utforsking og leik, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode mestringsopplevelingar innanfor trygge rammer. Vi ønskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.



## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Læring skjer på ulike arenaer, både formelt og uformelt, gjennom heile livet. Rammeplanen seier at barnehagen skal legge til rette for at «barna får eit stimulerande læringsmiljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre» (Rammeplanen 2017)

Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling.

I samhandling med andre og i samhandling med omgjevnadane skjer den viktigaste læringa og kvaliteten på desse samhandlingane er avgjerande for kvaliteten på læringa. I vår barnehage vil me:

- alltid tenkje læring gjennom leik.
- leggje til rette for eit inkluderande fellesskap kor alle er deltagande i eit godt læringsmiljø
- støtte og anerkjenne barna si interesse for undring og nysgjerrigkeit, deira kreativitet, initiativ og vitebegjær.
- reflektere saman med barna utan å gje dei «rett svar» på alt.
- gje barna varierte opplevelingar, erfaringar og utfordringar kor dei får bruke «heile seg» med kropp og sansar.

## Barns medverknad

I Preg barnehager skal barna få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

*Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre og fremje barna sin nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den einskilde sin plass og verdi i fellesskapet. (Rammedplanen)*

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Alle barn skal kunne erfara å påverke det som skjer i barnehagen, dette er grunnlovsfesta i barnehagelova. I vår barnehage skal barna få gje uttrykk for sitt syn på det som skjer i barnehagen og i saker som gjeld dei sjølve. Dei skal jamnleg få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. Dei vaksne skal ta barna på alvor og møte dei slik at dei kjenner seg trygge til å ytre si mening. Me vil at alle barn skal oppleve seg verdifulle for fellesskapet, og at deira synspunkt og meiningar er viktige. Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale har òg rett til å gje uttrykk for kva dei meiner. I vår barnehagen vil me observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Me skal vera til stades og årvakne. I alle handlingar og avgjersler som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, vera eit grunnleggande omsyn.

#### I vår barnehage jobbar me med medverknad gjennom:

- å ha «blanke dagar» på månadsplanen der me tar utgangspunkt i kva barna vil.
- å ta barna sine innspel på alvor d.v.s. vere klar til å leggje frå oss planlagde vaksenstyrté aktivitetar til fordel for innspel frå barna.
- å ta barna med på daglege gjeremål.
- la barna ta del i planlegging og gjennomføring av aktivitetar, samlingsstund o.l.
- barnesamtalar.
- å ha kompetanse på non-verbal kommunikasjon og bruke ASK-bilet-støtte.

## Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag, som blir utdjupa i verdidokumentet vårt. Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdiar. Formål vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle barnehagane våre. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvardagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I barnehagen vår syng me ofte songar med kristen bodskap og me syng bordvers før og etter maten. Kvart år deltek barnehagen i «Ung Global» sitt misjonsprosjekt. Barnehageåret 24/25 blir dette ca. november månad og misjonslanda denne gongen er land i Midtausten. Gjennom dette blir me kjende med land og folk som bur der. Me har òg teke med oss nokre verdiar frå ein organisasjon me besøkte i Israel.



August: Jesus og barna. Historiar han fortalte

September: Tillit. «Sette din lit til nokon du kan stola på»

Oktober: Du er unik/verdifull

November: Misjon

Desember: Jule-evangeliet

Januar: Nestekjærleik

Februar: Respekt og likeverd. «Visa andre, gjennom det du seier og gjer, at dei er viktige»

Mars: Tilgjeving. «Bestemme at nokon som har gjort deg urett ikkje treng å betala»

April: Påske-evangeliet

Mai: Toleranse. Kristi himmelfartsdag

Juni: Pinse

Før dei store kristne høgtidene har me fokus på kvifor me feirar høgtida ut i frå kristen tradisjon. Barna får blant anna høre kva Bibelen fortel om det som skjedde då Jesus blei fødd og då Jesus døydde og sto opp att.

# Tilknyting og relasjonsbygging

## Plan for oppstart i barnehagen

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

For at barn og foreldre skal verte kjende med barnehagen har me foreldremøte for nye foreldre våren før oppstart. Me har også besøksdagar for dei nye barna før sommarferien.

Ein god og trygg oppstart er veldig viktig og me har derfor laga gode planar for denne fyrste tida i barnehagen. Dei ansatte bruker COS- Circle of Security eller Trygghetssirkelen på norsk som er ein tilknytingsmodell som lærer oss vaksne å sjå barnet innanifrå og forstå barnet sine signal betre. Som vaksne skal me vera barnet si trygge hamn til eikvar tid. Me skal vera ein base som barnet kan søkje til når det treng trygghet og støtte, samtidig som me skal vera ei hamn dei er trygge nok til utforske utifrå. Me vaksne skal alltid vera større, sterkare, klokare og god! Når det er mogleg skal me følgje barnet sitt behov, men når det er nødvendig må me ta tak og setje grenser for barnet

### Oppstartsamtale

Alle som byrjar i barnehagen får ein oppstartsamtale med pedagogisk leiar som skal vera på avdelinga til barnet. De foreldre kjenner barnet best, og kan derfor gje oss den informasjonen som me i barnehagen trenger for å kunne ta oss av barnet på best mogleg måte, forstå barnet, hjelpe det til trivsel og vidare utvikling.

### Dei fyrste dagane

Me tenkjer at oppstarten er individuell og går frå «steg» til «steg», alt etter barnet sitt tempo, men det er viktig å berekna god tid, fem dagar er eit godt utgangspunkt. På heimesida til barnehagen har me eit utfyllande skriv som tek føre seg desse «stega» nærrare.

## Overgang avdeling til avdeling

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Om hausten er det fleire barn som «flyttar» over på ny avdeling. Denne overgangen skal vera så god som mogleg for barnet. Allereie på våren får barna gå på besøk på avdelinga, for å gjera seg kjent med både nye rom, vaksne og barn. Me prøver så godt me kan at ein av personalet følgjer barna over på den nye avdelinga slik at det vert ein trygg og god overgang. Me har overgangssamtalar med personalet som skal overta barna slik at dei er godt informert når bar

## Overgang barnehage-skule

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I månadskiftet mai/juni har ped.leiarane på avdelingane som har «skuleborn» overgangssamtalar i lag med foreldre og lærar på skulen som barnet skal begynne på. I overgangen til skule følgjer me Hå kommune sine vedtekter. Informasjonen som kjem fram i samtalane er nyttig for å kunne leggje til rette for ein best mogleg skulestart. I løpet av våren går barna på besøk ca. 4-5 gonger til skulen dei skal byrje på. Me har også «førskuleklubb» i barnehagen siste halve året før skulestart. Me har fokus på basiskompetansar som å utvikle grunnleggjande ferdigheter i språk, kommunikasjon og sosial kompetanse. Me skal leggja til rette for at dei skal kunne samarbeide, vise omsyn og vise omsorg for andre i tilrettelagte aktivitetar, men også i dei spontane aktivitetane og i leiken. Det er også viktig å førebu barna til å vera mest mogleg sjølvhjelpte som å kle på seg sjølve, klare seg sjølve ved toalettbesøk etc.

## Eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Den skal vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling, og motarbeida alle former for diskriminering. Personalet skal vera merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verka krenkjande og ved bruk av makt og tvang. Personalet skal handtera og følgja opp uønskte situasjonar,

\*jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ein skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta.

### Barnehagens plan for eit trygt og godt barnehagemiljø

I vår barnehage vil me førebyggje mobbing/utestenging ved å leggje til rette for:

- leik og venskap både i og utanom barnehagetida.
- kompetanseheving om temaet i personalgruppa gjennom kurs, refleksjonar kring eigne haldningar og handlingar og ansvarleg-gjering.
- leikegrupper
- barnesamtalar
- samlingsstund med bruk av «vennebøkene», «Livsmestring» m.m.

«Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar oppleving av å høyre til, vere ein betydningsfull person i fellesskapet og moglegheten for medverknad»

(Lund, Helgeland, Kovac 2017)



## Inkludering

I preg barnehager skal alle barn kjenna seg elsa og verdsett som viktige deltagarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleva tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverka alle former for diskriminering og framme nestekjærleik. (Rammeplan)

Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyta vennskap, trivst, utvikla seg og læra. Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkja barns identitet, og skapa fellesskap der det er rom for alle.

### Korleis ser dette ut i barnehagens praksis?

I vår barnehage jobbar me med inkludering gjennom:

- Sette av tid til å bli kjent med forventningane hjå foreldra.
- Bevisstgjering av eiga rolle som vaksen i barnehagen.
- Rettleie kvarandre dersom me opplever forskjellsbehandling.
- Ikkje stigmatisere barn etter f.eks. påkledning, opphaldstid, mat osv.
- Legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet.
- Bygge gode relasjonar/samspel mellom barn og vaksne i barnehagen. Dette skjer når ein er på same nivå som barna og gjev dei merksemd.
- Anerkjenning av ulikheiter og kvarandre sin kultur, livssyn og verdiar.
- Vere bevisst om korleis me møter kvarandre sine ytringar og behov. Dette krev at me tilsette set oss inn i føresette sine synspunkt. Det krev òg god dialog og respekt frå føresette iht barnehagen sine verdiar.
- Haldningar som bygger på respekt, tillit og trygghet som ligg til grunn i møtet med barna og føresette.




# Progresjon

Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er derfor dei tilsette sin rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. De vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringsaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling.

Tilrettelegging i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskapar, ferdigheter og sjølvsgått barnet sine eigne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikkje ei bestemt aldersgruppe.

## Barnehagen sin progresjonsplan

finner du her: <https://pregtryggheimvegen.barnehage.no/>



# Planlegging, dokumentasjon og vurdering

## Felles overordna grunnlag

Årsplanen skal gi informasjon om korleis barnehagelovens føresegner om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast.

Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemnd. Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast forløpende.

### Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Månadsplanane vil ha eit tydelegare didaktisk perspektiv enn dei har hatt. På den måten får me synleggjere betre målet med ei samling, utflukt, formingsaktivitet, motorisk aktivitet etc.

I vår barnehage dokumenterer me gjennom:

- Kidplan, PBL Mentor sitt kommunikasjonsverktøy
- bilete
- minnebok frå barnehagetida som barna får med seg heim
- veggplakatar
- utstillingar
- månadsplan
- månadsbrev med tilbakeblikk og informasjon for den gjeldande månaden
- heimeside
- facebook
- instagram
- observasjonar



Fagområda.

Både i tilrettelagde aktivitetar, tema-arbeid, formelle og uformelle læringsituasjonar er dei ulike fagområda skissert i Rammeplanen gjeldande i alt me føretok oss i barnehagen. For kvart tema/kvar periode gjennom året vert det laga tankekart kor ein visualiserer fagområder, mål, metode, etc til perioden/temaet. Dette er også ein del av vår pedagogiske dokumentasjon.

Dokumentasjon, observasjonar, møtereferat, foreldremøte-evalueringar og foreldreundersøkingar skal vurderast forløpende og brukast i vidare arbeid i barnehagen. Dokumentasjonen blir brukt som eit verktøy for å evaluere det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

# Samarbeid

## Eigar Preg barnehager

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehageloven § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet.

Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområde.

## Foreldresamarbeid

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjoner til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

Både foreldra og personalet må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen sitt ansvar å forvalte. (Rammeplanen)

## Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

FORELDRESAMARBEID i Preg Tryggheimvegen skjer gjennom:

- Bringe -og hentesituasjon
- Foreldresamtaler 2 gonger pr. år
- Oppstartsamtale
- Foreldremøter
- Kidplan, telefon og evt. mail
- Sosiale samankomstar(utstillingar, sommarfest osv)
- Samarbeidsutvalet SU (valte foreldrerep. + tilsette + repr. frå eigar og frå kommune) og FAU (Foreldrearbeidsutval)
- Dugnad
- Brukarundersøking anna kvar år

FORVENTNINGAR TIL PERSONALET VED LEVERING OG HENTING.

- Verta møtte av personalet både ved levering og henting med eit godt smil og gode øye.
- Informasjon via KIDPLAN
- Dele informasjon om viktige ting som påverkar kvardagen til barnet

FORVENTNINGAR TIL FORELDRE VED LEVERING OG HENTING

- Gje beskjed dersom noko spesielt har skjedd i nære relasjoner
- Merke klede
- Ha riktig utstyr (uteklede, bytekledde, bleier)
- Gje beskjed ved fråvær
- Bruke og gjere seg kjent med KIDPLAN
- Ta kontakt med personalet dersom det er noko de ynskjer å drøfte, «stort og/eller lite.

Me ynskjer å skape eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Foreldre og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling.

Det daglege samarbeidet mellom heim og barnehage må byggje på gjensidighet, openheit og tillit.

## Kommunen

- PPT-kontor
- Spesialpedagogisk team
- Ressursgruppe
- Helsestasjon
- Barneverntenesta/BUP
- Familievernkontor
- Fysioterapien
- Bibliotek

## Andre

- Nærø misjonsforsamling, Misionssambandet
- Kyrkja
- Ulike skular og utdanningsinstitusjonar
- Preg barnehagane, lokalt og sentralt
- NAV
- PBL Private barnehagers landsforbund
- Knif

# August 2024



## Velkommen til nytt barnehageår!

### Bli kjent og trygg

#### Oppstart i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen». (Rammeplan 2017)

Dei første vekene i august er først og fremst ei «bli-kjent»-tid. Barn som allereie går i barnehagen skal kanskje bytte avdeling. Desse må få tid til å verte kjende og trygge på dei andre barna i gruppa, dei vaksne og ikkje minst i roma dei skal vere i. Me legg stor vekt på relasjonsbygging og mykje tid til å bare vere saman.

I tillegg til desse overgangane er det mange nye barn og foreldre som startar «barnehagelivet» med alle forventningar og spenningar som følgjer med.

**TRYGGHETSSIRKELEN** er ein viktig reiskap for oss i denne tida.

Oppstartrutinane våre er godt innarbeida ved bruk av:

- Korte filmsnuttar(dette gjeld spesielt småbarnsavdelinga). Barna kan då sjå desse gjennom sommaren
- Grenseobjekt
- Besøksdagar i forkant av oppstart
- God og oversikteleg plan for dei første 5 dagane i barnehagen



#### Månadens bibelvers

Lat småborna  
koma til meg

Markus 10, vers 14.

Få tilgang til  
**Kidplan**



Husk å signere  
**SAMTYKKESKJEMA**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14	15 MARIMESSE – Marias himmelfart  NYTT BARNEHAGEÅR STARTAR	16	17	18
34	19  Verdens humanitære dag	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

# September 2024



## Eg og naturen kring meg

### «Me haustar det me har sådd»

#### TEMA: MÅLTIDSGLEDE og MATMOT

Me er opptekne av at barna får eit sunt og variert kosthald og får erfare at maten ikkje «gror» i butikken. I barnehagen har me mange «pallekarmar» kor me sår grønsaker og set poteter. Me haustar poteter, gulrøtter m.m. og lagar t.d. lapskaus.

Me er òg ein «Mat-jungelen-barnehage». LENKE Fokuset er å la barna utforska, læra og undra seg over kva som er bra mat både for kroppen vår og kloden vår.

Innhaldet er forankra i Rammeplan 2017 og Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen (2018).

#### Verkøyet byggjer på 5 tema:

- Måltidsglede
- Naturens ressursar
- Matkultur
- Matmot
- Matlaging

#### Månadens bibelvers

Og lat oss ha omtanke for kvarandre så me oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.

Hebreane 10. vers 24.



### Regler

Ein brann er ikkje tull, du må ringe 110



Edderkopp, edderkopp, skynd deg å se, Ada på krakken med suppe og skje.  
Hun søler så fælt at jeg tror du kan be, om du får lov til å sole litt med.



Veke 38

### Nasjonal brannvern-veke

Eige opplegg utarbeida av Norsk brannvernforeining.

Barna vert kjende med  
brannbamsen Bjørnis som lærer dei brannvern.  
Det same gjer handdokkene: Eldar og Vanja.

Denne månaden har me **fokus** på det einskilde barnet,  
at det opplever trygghet og vert ivaretake  
både fysisk og psykisk.

17. september

**besök på brannstasjonen**  
kl. 9.00-10.00 for dei eldste barna

**Foreldremøte**  
i løpet av månaden

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
35							1
36	2	3	4	5	6	7	8 MARIMESSE – morsmesse, Marias fødselsdag
37	9	10	11	12	13	14	15  Husk! Frist for å registrere høstferie Internasjonal dag for demokrati
38	16  BRANNVERNVEKE	17  BESØKE BRANNSTASJONEN →	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29 MIKKELSMESSE – erkeengelen Mikael og alle englane
40	30						

# Oktober 2024



## Eg og naturen kring meg



### «Skogen og smådyra om hausten»



Me undrar oss over endringane som skjer i skogen  
og korleis naturen førebur seg til vinteren.

Kven treng lauvet som fell av trea?

Kvífor er soppen ein liten «heim»?

Korleis samlar småfuglane mat til vinteren?



Høsten kommer, adjø da sommar.

Takk for sol, takk for lys

Hør nå tuter vinden, styker deg om kinden.

Det er høst, det er høst.

Når bladene de faller ned, da er det høsten skal du se.  
Blader faller ned, blader faller ned, ja blader faller ned.

Og ut i skogen alle går, og plukker siste blomst i år.  
Siste blomst i år, siste blomst i år, ja siste blomst i år.

Og nesten alle fugler drar, men noen få igjen vi har.  
Få igjen vi har, få igjen vi har, Ja få igjen vi har.

## Månadens bibelvers

For han skal gje sine englar påbod  
at dei skal verna deg på alle dine vegar  
Salme 91 vers 11.



I forbindelse med FN-dagen  
bruiker me pedagogisk opplegg  
utarbeida av Redd Barna;  
[«Rettighets-slottet»](#)

Gjennom dette opplegget får barna  
kjennskap til barnekonvensjonen.

Foreldresamtalar

Haust-takke-samling

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
40		1	2	3  Irak sin nasjonaldag	4	5	6
41	7	8	9	10  Verdensdagen for psykisk helse	11	12	13
42	14	15	16	17 Internasjonal dag mot fattigdom	18 LUKASMESSE – evangelisten Lukas	19	20
43	21	22	23	24  FN- dagen	25	26	27  Bots- og bønnedagen
44	28 SIMONMESSE	29	30	31			

# November 2024



## Gud, du kom med fred til hvert et sted

Til liten og til stor, du kom med Jesus til vår jord.  
:/:Og derfor vil jeg klapp, klapp, klappe for deg:/:  
:/:Og derfor vil jeg trom, trom, tomme for deg:/:  
:/:Og derfor vil jeg tripp, tripp, trippe for deg:/:  
:/:Og derfor vil jeg dans, dans, danse for deg:/:

## Månadens bibelvers

Fortel mellom alle folkeslag om hans herlegdom,  
mellan alle folk om hans under  
Salme 96 vers 3.

15. november  
**planleggingsdag**  
- barnehagen stengt

## Barnas misjonsprosjekt

Land: MIDTAUSTEN

Ung Global har laga gode pedagogiske opplegg me får tilgang til når me har misjonsprosjektet. Me samlar inn pengar på ulike måtar, t.d. flaskesamling, sal av matvarer barna har baka, «misjonsløp», fiskedam og basar. Sjølv om hovudfokuset på prosjektet er lagt til denne månaden hender det at me dreg det utover året.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
44					1	2	3 Allehelgens-dag
45	4	5	6	7	8	9	10  FARSDAG
46	11  Polen sin nasjonaldag	12	13	14	15 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24
48	25	26	27	28	29	Husk! 30 Frist for å registrere juleferie ANDREASMESSE - apostelen Andreas	

# Desember 2024



## Kyrkjebesøk

Elevane ved barne -og ungdomsarbeidarlinja ved Tryggheim vgs. har framsyning av juleevangeliet i kyrkja



## Nisselfest

Me har fellessamling på kjøkkenet, et «nissegraut» og kosar oss.  
Kanskje kjem julenissen innom òg...



13. desember

## Luciafeiring

Me lagar Lucia-tog og besøkjer kvarandre på avdelingane evt. går på besøk til institusjonar.



Desember er månaden for tradisjonar. Kjøkkenet duftar av kakebakst og barna er fulle av forventning og hemmelighetar.

## Advent

Me ynskjer at vekene i desember skal vere ei koseleg ventetid. Julebodskapen står sentralt denne månaden og me er med Josef og Maria på vandringa frå Nasaret til Betlehem, Jesu fødsel og alt som skjedde denne første julenatta.

## Månadens bibelvers

For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.  
Herreveldet kviler på hans aksler og han skal kallast  
Underfull Rådgjevar, Veldig gud, Ewig Far, Fredsfyrste.  
Jesaia 9 vers 6.



## Gløgg og pepperkaker til foreldre



## Julekino

med pocorn

**Velsigna julehøgtid!**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
48							1  1. sundag i advent
49	2  JULEVANDRING	3	4	5 NISSEFEST 	6 NILSMESSE - Nikolausdagen St. Nikolaus	7	8  2. sundag i advent
50	9 ANNA-DAGEN - Anna, Marias mor	10	11	12	13 LUCIAFEIRING 	14	15  3. sundag i advent
51	16	17 LARSMESSE - Lazarus	18 PATRIARKEN ABRAHAM Internasjonal migrasjonsdag	19 PATRIARKEN ISAK	20 Internasjonal solidaritetsdag	21 TOMASMESSE - apostelen Tomas	22  4. sundag i advent
52	23	24 Julaftan	25 1. juledag	26 STEFANUSDAGEN 2. juledag	27 JONSMESSE - apostelen Johannes	28	29  Nyttårsaftan
1	30	31					

# Juleferie



# Januar 2025

## Eg og naturen kring meg

### Skogen og smådyra om vinteren

Barnehagen skal bidra til at barna opplever og utforskar naturen og mangfoldet i naturen.

Barnehagen skal bidra til at barna får gode opplevelinger med friluftsliv året rundt.

Barnehagen skal legge til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring

Barnehagen skal gje barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektera og lage eigne forklaringar på problemstillingar, og til å delta i samtaler om det dei har erfart og opplevd. (Rammeplan 2017)



#### SYV DYR I VOTTEN.

Musa sier pip, pip, pip  
Frosken hopper hit og dit.  
Haren hopper haredans.  
Reven vifter med sin svans.  
Ulven uler mot månen rund.  
Villsvinet grynter med sin munn.  
Bjørnen liker å sove godt.  
Alle bor i en liten vott



#### Månadens bibelvers

Herren, han som dreg føre deg, han skal vere med deg  
– han skal ikkje sleppa deg og ikkje forlata deg.


Du skal ikkje frykta og ikkje vere motlaus

Mosebok 31, vers 8.

## Godt nytt år!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
1			1 Nyttårsdag	2 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	3	4	5
2	6 HELLIGETREKONGERSDAG 13. dagen	7	8 Midtvinterdag	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25 PÅLSMESSE – apostelen Paulus	26
5	27	28	29	30	31		

# Februar 2025



## Månadens bibelvers

Sjå på fuglane under himmelen!

Ikkje sår dei, ikkje haustar dei og ikkje samlar dei i hus,  
men far dykkar i himmelen før dei likevel.

Er ikkje de mykje meir enn dei?»

Matteus 6 vers 26



## Eg og naturen kring meg

### Skogen og smådyra om vinteren

Barnehagen skal bidra til at barna opplever og utforskar naturen og mangfaldet i naturen.

Barnehagen skal bidra til at barna får gode opplevingar med friluftsliv året rundt.

Barnehagen skal legge til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring

Barnehagen skal gje barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektera og lage eigne forklaringar på problemstillingar, og til å delta i samtaler om det dei har erfart og opplevd. (Rammeplan 2017)

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5						1	2
6	3	4	5	6	7	8	9  MORSDAG
7	10	11	12	13  Husk! Frist for å registrere vinterferie	14	15  Serbia sin nasjonaldag	16  Litauen sin nasjonaldag
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28		

vinterferie i skulen

# Mars 2025



Eg og naturen kring meg

## Skogen og smådyra

Jorda er ikkje vår, Gud eig den! Me får lov til å bruke jorda, men me har ikkje fått lov til å bruke den opp. Me er forvaltarar. Av ein forvaltar vert det krevd at ein tek vare på det ein har fått ansvar for, og at ein brukar det på ein måte som er til utvikling og gavn. Me undrar oss over alt som skjer i naturen når det vårast.



## Foreldresamtalar



21. mars

## ROKKESOKK-DAGEN

- til støtte for alle med  
Downs syndrom

## Månadens bibelvers

Igjen tala Jesus til folket og sa:  
Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg,  
skal ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys  
Johannes 8 vers 12.



Hva roper den uglen som er i treet?

Hohooo

og frosken som bor i en dam?

Kvakk, kvakk

Hva sier den kråka som stjeler maten?

Kra, kra


Og musen som piler av sted?

Pip, pip

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
9						<b>Husk!</b> Søknadsfrist for barnehageplass, endring og overflytting	1  Fastelaven
10	3	4	5	6	7	8	9
11	 <b>Husk!</b> Frist for å registrere påskeferie	10 	11	12	13	14	15
12	17	18	19	20	 Rocke-sokk Vårjevndøgn Kurdistan sin nasjonaldag	21 	22
13	24	25	26	27	28	29	30 Sommertid starter
14	31						

MARIAS BUDSKAPSDAG

# April 2025



:/: Jeg kan kjenne gleden boble,  
for vår konge kommer nå.  
Jeg kan kjenne gleden boble,  
for vår konge kommer nå.  
Finn din kappe, legg den ned,  
vis at du vil være med.  
Vift med palmegrenene  
kongen kommer ridende :/:

:/: Han er fremme, bruk din stemme,  
Rop høyt Hosanna! :/:

Opp, opp, opp.  
Ja, han stod opp, opp, opp  
Jesus lever i dag  
Han døde på korset og ble lagt i en grav  
Men han stod opp på tredje dag!



Fotograf

Påskefrukost

Påskevandring  
i kyrkja og i barnehagen

Eg og naturen kring meg

## Påske

Jesus døde på et kors,  
for han er så glad i oss.  
I en grav der inni hagen,  
ble han lagt den første dagen.  
Hele andre dag han lå,  
men hør hva som skjedde så!  
Da den tredje dagen kom,  
da var Jesu grav helt tom.  
Jesus lever han er best!  
Derfor har vi påskefest.

## Månadens bibelvers

Han er ikke her, han er stått opp, som han sa.  
Kom og sjå staden der han låg.  
Matteus 28 vers 6.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14			1	2	3	4	5
15		7	8	9	10	11	12
		Verdens helsedag					Palmesundag
16	14	 <b>Husk!</b> Frist for å registrere sommerferie	15 	16 Barnehagen stenger kl. 12.00	17 Skjærtorsdag	18 Langfredag	19 1. påskedag
17	21 2. påskedag	22	23	24	25 MARKUSMESSE – evangelisten Markus	26	27
18	28	29	30				

# Mai 2025



## Vårt mangfaldige Noreg

Barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap med rom for det einskilde barnet på tvers av kultur, sosial status, kjønn, språk, religion og livssyn.

«Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.

Barnehagen skal bruke mangfold som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrke og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn». Rammeplan 2017



Me går i barnetoget bak eiga fane.  
Kjekt om så mange som mogleg  
er med og går slik at det vert  
godt «trøkk» på song og roping.

Tryggheimvegen barnehage hipp, hurra!  
Her er alle blid' og glad'  
Hoppe, danse og en sang  
Lek med venner dagen lang  
Hurra, hurra, hurra!!!»

## Månadens bibelvers

For heile lova er oppfyllt i dette eine bodet:  
Du skal elska nesten din som deg sjølv  
Galatarane 6 vers 14.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
18				1 Offentleg høgtidsdag	2	3	4
19	5	6	7	8	9	10	11
20	12	13	14	15 Internasjonal familiendedag HALVARDSMESSE – St. Halvard	16	17  Grunnlovsdag	18
21	19	20	21 Internasjonal dag for mangfold	22	23	24	25
22	26	27	28	29 Internasjonal dag for fred Kristi himmelfartsdag	30 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	31 MARIA BESØKER ELISABETH	

# Juni 2025



## Eg og naturen kring meg

### Blomar og småkryp

Denne månaden er ein månad kor me tek «farvel» med dei som er ferdige med barnehagelivet samstundes som me ynskjer velkomen nye som skal starte til hausten. Me legg stor vekt på at overgangen til skule og SFO vert trygg og god og at dei som skal starte i barnehagen vert møtte av gode varme vaksne som tryggar både barn og foreldre i ei sårbar tid.

Besøksdagar kor nye barn og foreldre får verte litt kjende både med avdelinga og nokre av personalet vert prioritert høgt denne månaden.

I barnehagen er det òg endringar som skal førebuast denne månaden.  
Barn skal byte avdeling og dette må òg gjerast slik at  
endringane ikkje gjer barna utrygge.

Me er komne til ein månad kor me for det meste oppheld oss utandørs.  
Me plukkar blomar, snur på steinar, lyttar, ser, luktar og  
undar oss over mangfaldet i naturen.

Lyse lilje, blå fiol - løfter seg mot lys og sol

Andrè Bjerke



Marihøne  
Sommerfuglen

Se dem fly, se dem fly  
Kom og sitt på blomsten,  
Kom og sitt på blomsten  
Se dem fly, se dem fly



### Månadens bibelvers

Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting  
Salme 23. vers 1.



Edderkopp og marihøne, snegl og meitemark  
De bor i naturen, blant gress og jord og bark  
Veps og humler de flyger i det fri  
Med næring i fra blomst og planter får de energi.

Helga Allertsen



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
22							1 NIKODEMUSDAGEN
23	2	3	4	5	6	7	8 1. pinsedag
24	9 2. pinsedag	10 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	11 APOSTELEN BARNABAS	12	13	14	15
25	16	17	18	19	20 Verdens flykningedag	21	22
26	23 SANKTHANSDAGEN døyparen Johannes' fødsel	24	25	26	27	28	29 PETERSMESSE Persok – apostlane Peter og Paulus
27	30 <b>Overgangs- samtalar</b> for «skulebarna»	<b>Besøksdagar</b> for nye barn	<b>Oppstartsamtale</b> for nye barn		<b>Sommarfest</b> avslutning av barnehageåret	<b>Leirdag</b> på Holmavatn for dei eldste	<b>Overgangar</b> i barnehagen

# Juli 2025



## Sommar i barnehagen

Juli månad er i stor grad prega av ferieavvikling både blant dei tilsette og barna.

Sjølv om det er nokre vikarar innom i denne tida prøver me å gjøre dagane trygge og føreseielege for barna.

### TODAH, LA EL, HALLELUJAH

(Hebraisk)

Todah (Gi takk)  
La El (Til Gud)  
Hallelujah (Pris Gud) x 3  
Todah La El

### Månadens bibelvers

Herren velsigne deg og bevare deg,  
Herren la sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred



### Bittelite frø

Alt det minste som Gud skapte:  
små, små frø du knapt kan se  
er det viktigste i verden  
bare se hva som kan skje:

Når et bitte, bitte lite frø  
når et bitte, bitte lite frø  
når et bitte bitte lite frø  
blir lagt i jorden.

Alt blir til av veldig lite  
i små frø som ingen ser  
finns det merkelige  
krefter ingen skjønner hva som skjer:

Alt det store her i verden  
har engang vært veldig smått.  
Ved Guds hemmelige under  
blir det til no stort og flott

Ynskjer små og store ein fin sommar!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27		1	2	3	4	5	6
28	7	8	9	10	11	12	13
29	14 MIDTSOMMERDAG	15	16	17	18	19	20
30	21 MAGDALIMESSE – Maria Magdalena	22	23	24	25 JAKOBSMESSE – apostelen Jakob	26	27
31	28 OLSOK Olav den Heilage, Noregs skytshelgen	29	30	31			

**Sommarferie**

**Tusen takk  
for eit fint barnehageår!**

